



# Sør-Fron bibliotek

Plan 2018-2022



## Innhold

<b>1.0 VISJON .....</b>	<b>2</b>
<b>2.0 MÅL OG TILTAK: Litteraturformidling.....</b>	<b>4</b>
<b>2.1 Auke leselyst for førskuleborn</b>	
<b>2.2 Auke leselyst for born i 1. – 10. klasse</b>	
<b>2.3 Auke kvaliteten på skulebiblioteka</b>	
<b>3.4 Auke leselyst for voksne</b>	
<b>3.0 MÅL OG TILTAK: Tilgjengelegheit.....</b>	<b>6</b>
<b>3.1 Auka fysisk tilgjengelegheit</b>	
<b>3.2 Auka digital tilgjengelegheit</b>	
<b>4.0 MÅL OG TILTAK: Marknadsføring og utatretta tiltak.....</b>	<b>7</b>
<b>5.0 MÅL OG TILTAK: Eldres digitale kompetanse.....</b>	<b>8</b>
<b>6.0 OPPSUMMERING.....</b>	<b>8</b>



*Skal vera bygdas viktigaste  
og mest inspirerande  
møteplass for kunnskap og  
kultur, der du blir møtt med  
respekt og kunnskap*

## 1.0 VISJON

Sør-Fron kommune sin kulturetat skal legge til rette for at alle innbyggjarane i kommunen skal kunne delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk i kommunen og i regionen. Vi skal ta vare på og formidle kulturarven vår på ein levande måte, og oppretthalde eit godt bibliotektilbod i tråd med nasjonale mål og prioriteringar. Vi vil prioritere barn og unge – og bibliotektilbodet på skulane.

Sør-Fron bibliotek ...

- Skal vera bygdas viktigaste og mest inspirerande møteplass for kunnskap og kultur, der du blir møtt med respekt og kunnskap
- Skal vera ein arena der innbyggjarans energi og engasjement kan vekse og utfalte seg, gje oss tilgang til opplevingar og fortelljingar.
- Skal vere eit ope rom der vi kan møtast for å utveksle våre tankar og meininger, ein tidlaus fristad der du kan tenkje, eller saman med andre dykke ned i eigne interesseområde eller oppdage nye
- Skal gjennom å tilby medier, opplevingar og rom for å skape, inspirerer biblioteket til aktiv deltaking i samfunnet og i eigne liv
- Skal redefinera bibliotekets rolle i bygda, og posisjonera bibliotekets rolle på nytt i folks bevissthet, vera ein arena for kunnskap og inspirasjon
- Skal gå frå å vera «Eit bibliotek» til å bli «Mitt bibliotek», bli ein plass der all verdas visdom, fortelljingar og erfaringar fritt kan utvekslas, ein plass som kan utvide våre horisonter og forandre våre liv.

# **Sør-Fron bibliotek = Mitt bibliotek**

**Folkebiblioteklova paragraf § 1 seier:** «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet».

Alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. § 4 i folkebiblioteklova seier at:  
«Folkebiblioteket kan drives av kommunen alene, eller i helt eller delvis driftsfellesskap med annen kommune, fylkeskommunen eller statlig institusjon».

Når det gjeld skulebiblioteka er dette regulert gjennom opplæringslova paragraf § 9-2: «Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.»

I [forskrift til opplæringslova §21-1](#) er det presisert at

“Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.”



## 2.0 MÅL OG TILTAK: Litteraturformidling

### 2.1: Auke leselyst for førskuleborn

Det er viktig å starte tidleg med lesestimulering. All forsking syner at dette utviklar både ordforråd og eit godt forhold til det å lesa.

**Tiltak:** Besøke barnehagane med eventyrstund minst fire gonger i året.

**Tiltak:** Barnas bokveke mellom anna med utdeling av bokgåve til 5-åringar og teaterforestilling for 3-4 åringane på biblioteket.

**Tiltak:** Boklek-tilbod til alle skulestartarar, eit samarbeid med Oppland fylkesbibliotek.

**Tiltak:** Seks laurdager i løpet av vinteren ha laurdagsopent 12 – 14 og teaterforestillingar.



## 2.1: Auke leselyst for born i 1. – 10. klasse

Å inspirera til lesning er viktig for å stimulera til leselyst. Det å finne den rette boka til rett lånar er grunnleggande for å kunne skape leselyst.

**Tiltak:** Halde bokprat minst to gonger per år for 1-7 kl og ein gong pr år for alle ungdomsskuleelevarne for å inspirere til lesning.

**Tiltak:** Vidareføre satsinga på «Sommerles», som oppmuntrar ungane til å lese meir. Dette er eit samarbeid med Oppland fylkesbibliotek.

**Tiltak:** Marknadsføre e-bøker for alle som byrjar i 4.klasse.



## 2.2: Auke kvaliteten på skulebiblioteka

Heve kvaliteten på samlingsutviklingen; kassering og innkjøp.

**Tiltak:** Overføring av ansvar, med medfølgende budsjett, for samlingsutvikling til biblioteksjef.

**Tiltak:** Delta i utlån av bøker til elevarne og læra opp lærarane i å bruke systemet.

## 2.2: Auke leselyst for vaksne

**Tiltak:** Anbefalinger til den enkelte låner, utstillingar og på facebook.

### 3.0 MÅL OG TILTAK: Tilgjengelegheit

Sør-Fron bibliotek har per i dag opent 15 timer i veka, fordelt på fem timer måndag, onsdag og torsdag. Utlånstala har gått noko ned dei siste åra, truleg grunna tilgjengelegheit.


#### 3.1 Auke ubemanna tilgjengelegheit

Meiråpent blibliotek eller sjølvbetjent bibliotek er ei teneste fleire folkebibliotek og høgskulebibliotek har innført. Tenesta gir lånarane utvida tilgang til biblioteket sine lokalar og mediesamlingar, etter ordinær lukketid. Tilgang til lokala får ein gjennom å oppgradere bibliotekkortet til adgangskort.

**Tiltak:** Meiråpent har ei kostnadsramme på 100 000-150 000 kroner for Sør-Fron kommune sin del. Dette gir ein ubemanna opningstid på 7 -23 heile uka året rundt.

#### 3.2 Auke digital tilgjengelegheit

**Tiltak:** Vidareføre og utvide ordninga med E-bøker på nett med 24-timars opningstid. Dette er per i dag eit spleiselag som blir administrert frå Oppland fylkesbibliotek.



## 4.0 MÅL OG TILTAK: Marknadsføring og utadretta tiltak

Sør-Fron bibliotek har eit potensiale i å nå betre ut med sitt tilbod til innbyggjarane. Dersom vi skal nå målet frå visjonen om at biblioteket «skal vera bygdas viktigaste og mest inspirerande møteplass for kunnskap og kultur», er det fleire tiltak, som må gjennomførast.

Eit av dei nye tiltaka som biblioteket ønskjer å gjennomføre i samarbeid med kultur og fritid, **er å bruke delar av arealet til midlertidige utstillingar**. Fyrste utstilling vil bli vigd den jødiske familien Kapol frå Sør-Fron i samband med avdukinga av «snublesteinane» til minne om familien sommaren 2018. Ein ser vidare for seg utstillingar knytt til lokalhistorie, Hundorp 2021, og folkemusikk i tida framover.

**Tiltak:** Biblioteket ønskjer å lage ein «karkrok», der litteraturen er spesielt retta mot eit mannleg publikum.

**Tiltak:** Vera meir aktive på heimeside og Facebook.

**Tiltak:** Lage foldere til utlevering og oppslag

**Tiltak:** Auke aktivitetsnivået på biblioteket for å nå nye lånarar. Dette kan gjerast gjennom til dømes strikkekafe, datakurs og andre arrangement.



God marknadsføring er og korleis bibliotekets lokalar ser ut: 'Vi skal selje varer!' Biblioteket skal vera ein plass folk ønskjer å vera og vi skal friste og hjelpe våre kundar til å finne den gode opplevinga.

**Tiltak:** Biblioteket må få eit løft til å fornye seg på inventaret.

## 5.0 MÅL OG TILTAK: Eldres digitale kompetanse

Det er eit stort behov for å bistå eldre med kursing i digital kompetanse. Erfaring viser at ein-til-ein undervisning er det beste, men dette er ein ressurskrevande undervisningsform som krev personal-ressursar.

**Tiltak:** I samarbeid med IKT-avdelinga i kommunen gjennomføre kursing i digitale hjelpeemidlar minst ein gong i året.

## 6.0 OPPSUMMERING

Sør-Fron bibliotek ønskjer å vera ein plass der du ...

- ... skal finne noko spennande, provoserande, rørande eller lærerikt å lesa
- ... får hjelp til å følge med på utviklinga i samfunnet
- ... finn litteratur til etterutdanninga di
- ... møter andre i bygda